

Bok på 1-2-3

Furuhytta

Eller: Når det er regn og noko ser annleis ut enn før

Frå boka *Oskar og eg*. Alle plassane vi er av Maria Parr

Tverrfagleg undervisningsopplegg for 1.–4. trinn i norsk og kunst og handverk med tema folkehelse og livsmeistring. Musikk og uteskule er valfrie tilleggsressursar.

Tid: 90 minutt

I *Oskar og eg* møter vi storesøster Ida på åtte år og veslebror Oskar på fem. Det er Ida som fortel historia frå oppveksten, men den viltre og eigenrådige Oskar speler stadig hovudrolla i forteljingane hennar. Boka handlar om å vekse og mestre nye ting, og likevel vere liten innimellom. Ho handlar om alle dei plassane vi er, lek på lat og på ekte, lengten etter ein trampoline, om elvesafarier i vårsola, forsvunne vampyrar i haustmørket, cupcakes-kioskar som er finare enn forventa, om melis og mold, forandring og sakn. Og om hytter som er mindre enn ein hugsar.

Kvart kapittel er ei forteljing i seg sjølv, og i dette undervisningsopplegget tek vi utgangspunkt i kapittelet «Furuhytta. Eller: Når det er regn og noko ser annleis ut enn før». Her møter vi Oskar og Ida som kjedar seg på ein regnvêrsdag i sommarferien. Dei får med den eldre vennen Arvid for å leike i Ida og Arvid si gamle furuhytte i skogen. Men er ikkje hytta veldig annleis, undrar Ida? Dette er eit kapittel om verdien av søsken, venner, leiken, og å leve vidare etter å ha mista nokon ein er glad i.



Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett, prosjektor og høgtalar for musikk.
- Finne fram utdrag til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar.
- Fysiske skrive- og målesaker (primærfargane, akryl eller vassfargar). Farga kartong til passepartout eller eiga bok for finskrift og teikning. Limstift og saks.



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Før lesing

Estetisk inngang: Spel «Hjerte av gull» av Vilde og Anna som lydspor i klasserommet når elevane kjem inn til timen. Songen er skriven på nordfjorddialekt, som er nynorsknær.

Vi ser på bokomslaget til Oskar og eg. Alle plassane vi er, og læraren fortel om boka og utdraget.

Samtale:

- Kva får vi vite om Oskar og Ida?
- Kva får vi vite om livet deira?



Lesing

Læraren les høgt, og de opplever utdraget saman. Ta dykk tid til augeblikka, og ver gjerne merksame på kor elevane opplever høgdepunkt i lesinga. Gi elevane tid og rom til å undre seg over teksten. Legg til rette for at elevane kan sette ord på kjensler, eller utforskingar som kjem fram. Lag dykk ei god stund, og hugs å sitte godt og avslappa.

Vit at alle kan lese nynorsk høgt, og at høgtlesinga er med på å gjere elevane kjende og fortrulege med den nynorske språknorma.

Samtale under lesinga, etter tilpassing til eleven og gruppa

Etter «... skulle begynne å gråte» på s. 77:

- Kor er vi? Kven møter vi her?
- Har de liknande opplevingar som Oskar og Ida på sommardagar med regn?
- Korleis kjennest det i kroppen når de opplever å leike / vere saman med yngre/eldre søsken/venner/dyr på ein god måte?

Læraren fortel at tidlegare i boka så les vi at onkelen, onkel Øyvind, blir sjuk og døy.

Etter s. 79:

- Har de opplevingar med å bygge, lage og leike hytte?
- Korleis er det å vere den som er yngst og blir med i leiken?
- Kva er førebiletleg når ein er saman med born som er yngre?

Etter s. 83

- Korleis opplever Ida å kome til hytta? Korleis opplever Oskar det?
- Kva er å vere leikesjenert? Kvifor og når kan ein bli det?
- Kva erfarer Ida om å ha med Oskar i leiken denne dagen?

Etter s. 86

- Har de liknande opplevingar som Ida hadde i møte med furuhytta?
- Kva er det mamma har erfart?
- Har de tankar eller erfaringar som de vil snakke om etter å ha lese dette kapittelet?

Etter lesinga

Ei oppvekstforteljing: Skriv ord, setningar eller ei forteljing (tilpass nivå) om ein gong du leika og hadde det fint med eit sysken / ein venn / ein familiemedlem / eit dyr.


Førebuing: Samtale med læringspartnar, assistent eller lærar:


- Kven er med i forteljinga?
- Kor er vi i forteljinga?
- Kva skjer i forteljinga?
- Kva vil du takke for i forteljinga?

Skriv i skriveramme tilpassa nivå og med/utan hjelpelinjer for formskrift. De kan til dømes nytta dei som ligg ved her, eller laga egne sjølv.

Forteljinga skal seinare setjast saman til ei klasseromsutstilling eller i finskrift- og teikneboka med aktivitetsoppgåva.

Estetisk utgang: «Hjerte av gull» av Vilde og Anna.





Aktivitet

Fargelære

Visste du at ved å blande fargane blå, raud og gul kan du lage dei fleste andre fargane? Blå, raud og gul er det vi kallar *primærfargar*.

Dersom du blandar to primærfargar, får du det som heiter sekundærfargar.



- Dersom vi blandar blått og raudt, får vi lilla.
- Dersom vi blandar raudt og gult, får vi oransje.
- Dersom vi blandar blått og gult, får vi grøn farge.



Vi kan snakke om kalde og varme fargar. For å hugse dei kalde fargane kan vi tenke på istappar. Dei kalde fargane er blå, grøn og lilla. Vi kan tenke på ein flamme når vi snakkar om varme fargar. Dei varme fargane er raud, oransje og gul.

No skal de få måle eit bilde av to venner/sysken/familiemedlemer under ein paraply i regnvêret. Er det deg og ein venn / eit sysken / ein familiemedlem?

Her skal de også få bruke kunnskapen om grunnleggande fargelære, ved å måle paraplyen i inndelingane blå, raud og gul – og blande dykk til lilla, oransje og grøn.

Gjer dykk flid med å måle bildet som heilskap, og la bildet stå saman med teksten din i ei klasseromsutstilling med farga kartong som passepartout.





Musikk

Språk og musikk har mykje til felles. Ord og setningar bygger vi opp med rytme, tempo, dynamikk, og saman skapar dei meining. Slik er det også med musikken.

Engasjement, glede og medkjensle er kjensler vi menneske har til felles, og som kan uttrykkast gjennom språk og musikk.

Syng «Hjerte av gull» av Vilde og Anna, akkompagnert av piano, gitar eller instrumentalinnspeiling. De kan utvikle songen i kor/vokalgrupper og/eller samspel. Hugs å tilpasse til barnestemmer og nivå.

Samarbeid om å lage hytte

Uteområdet til skular har gjerne område der ein kan skape ei eiga hytte. Å bygge hytte er ein del av barndomen, og borna kan kjenne meistring og sjølvstende. Slepp fantasien, gleda og rolleleiken fri! Ver tilgjengeleg for inkludering og rollefordeling ved behov.

Forslag til byggemateriell:

- Plankar
- Stoff
- Røyr
- Kasser

Skriv gjerne ei utedagbok medan de arbeider.

Hjerte av gull

VILDE OG ANNA

C Am
Eg veit ein som tullar med alt

F
Som irriterer meg, det kan

G(sus4) G
umogleg ver' normalt

C Am
Eg veit ein som elsker tull og spøk

F G(sus4) G
Som vil vere med når eg har besøk

C/E F
Men so kjem han bort til meg

C G
og gjev meg ein klem

F
Og spør om eg vil ver' hans

Dm G
aller beste venn

C
Ref.: Han er litlebroren min

Am
Eg synest han er veldig fin

F
Kan kje vere sint på han

G
For han gjer så godt han kan

C
Han er litlebroren min

Am
Eg synest han er veldig fin

F
Han har lyst og krølla hår

Dm G C
Og han er berre fire år

C Am
Eg veit ein som ofte snokar rundt

F
Inn på rommet mitt, eg blir so

G(sus4) G
sint at det er kje sunt

C Am
Eg veit ein som vekker meg halv sju

F G(sus4) G
Eg blir så trøyt at det er kje til å tru

C/E F
Men so kjem han bort til meg

C G
og gjev meg ein klem

F
Og sei' han aldri meir

Dm G
skal gjere det igjen

C
Ref.: Han er litlebroren min

Am
Eg synest han er veldig fin

F
Han er fantete og vill

G
Men inni er han snill

C
Han er litlebroren min

Am
Eg synest han er veldig fin

F
Han elsker tøys og tull

Dm G C
Men har eit hjerte av gull